



HAREID  
KOMMUNE

## SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOKA

til

Hovudutval for oppvekst og kultur

frå møte den 07.12.2004

0037/04-

### HØYRINGSUTTALE OM NY BARNEHAGELOV

Arkivsaknr. Arkivkode L.nr./ Sbh  
04/01682 /A1/&00 009646/04/ EUB

Det vart sett fram forslag om at brev frå Utdanningsforbundet Hareid datert 02.12.04 vart lagt ved høyringsuttalen.

#### Vedtak:

**Hovudutval for oppvekst og kultur sluttar seg til det vedlagde forslaget til høyringsuttale til utkast til ny barnehagelov.  
Brev frå Utdanningsforbundet Hareid datert 02.12.04 vert lagt ved høyringsuttalen.**

Hareid, 9. desember 2004

Rett utskrift:

*Reidun A. Vik*  
Reidun A. Vik  
sekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for vidare handsaming ✓



**HAREID  
KOMMUNE**

**HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR**

Møtedato: 07.12.2004

<b>Utval</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Resultat</b>
HOK	0037/04-	07.12.2004	

*Sakshandsamar: Eva Urke Bigset*

---

**HOK 0037/04-**

**HØYRINGSUTTALE OM NY BARNEHAGELOV**

Arkivsaknr.: 04/01682 / Arkiv: /A1/&00 Løpenr.: 04/009161

**Rådmannen si tilråding:**

**Hovudutval for oppvekst og kultur sluttar seg til det vedlagde forslaget til høyringsuttale til utkast til ny barnehagelov.**

## SAKSUTGREIING

**Sakstittel:** HØYRINGSUTTALE OM NY BARNEHAGELOV

Arkivsak: 04/01682

**Saksdokument:**

1. Høyringsuttale om ny barnehagelov

dat.

Vedlagt:

"

**Saksopplysningar:**

Den første lova om barnehagar vart vedteken i 1975, og sidan den gong har barnehagesektoren gått gjennom store endringar. Siste utgåve vart vedteken , og var gjeldande frå 1.januar 1996, med nokre endringar også etter denne tid.

Det nye utkastet som no vert sendt på høyring kjem i møte behov for oppdatering og forbetring, ut frå dei store endringar som har skjedd på området. Det er også ei målsetjing å forenkle regelverket. På midten av 70-talet var barnehagar eit gode som var tilgjengeleg for eit mindretal, og berre ein liten del av dei minste borna gjekk i barnehage. I dag har Regjeringa ei målsetjing om at alle som ynskjer det skal få barnehageplass i løpet av 2006. Dette medfører også behov for oppdatering.

**Vurdering:**

Heile høyringsnotatet er eit omfattande dokument, som går grundig inn på eksisterande lov, innstillingar frå arbeidsgruppa og med departementet sine vurderingar og forslag. Forslag til høyringsuttale frå Hareid kommune representerer eit utval av nokre punkt som etter vår vurdering er viktige og prinsipielle.

Ein del av dei punkt som er foreslått endra, som til dømes kommunen sin rolle i forhold til tilsyn i barnehagane, så er dette i praksis slik det fungerer i dag i vår kommune. Fylkesmannen har ikkje hatt ei spesielt aktiv tilsynsrolle, medan kommunen gjennom fleire år har hatt eit system for tilsyn.

Eit viktig punkt som er drøfta i høyringsutkastet er § 14 Offentleg tilskot. Her ligg det an til at den statlege finansieringa av barnehagane skal skje gjennom rammetilskotet til kommunane.

Departementet opnar også for at krav om pedagogisk utdanna personale i barnehagen kan fjernast eller lempast på, noko som har vekt sterke reaksjonar i dei tilsette sine organisasjonar.


**Rådmannen si tilråding:**

**Hovudutval for oppvekst og kultur sluttar seg til det vedlagde forslaget til høyringsuttale til utkast til ny barnehagelov.**

Rådmannen i Hareid, 23.11.2004.

  
Hans Gisle Holstad  
oppvekst- og kultursjef

Sakshandsamar:

  
Eva Urke Bigset  
pedagogisk konsulent

Utskrift til: Til sakshandsamar for ekspedering

009485/04 H64

A1 & 13

Dato: 02:12:04

Sted: Hareid

Til:

04/01682.003

**Hovudutvalet for oppvekst og kultur  
Hareid Kommune**

**SAK:**

**Uttale vedrørende høring om ny lov om barnehagar.  
Frå UDF Hareid, seksjon barnehage.**

Vi ønsker å komme med fyljande uttale som vi ber hovudutvalet ta med i si behandling av høyringsutkastet.

1. Viktig å halde på dei normene for leikeareal som er lovfesta for barnehagane i dag. Dette gjeld både inne og ute.
2. Norm for personaltettleik må haldast, som eit minimum, på dagens nivå. Det er også viktig å behalde den stillingsplanen som er no med pedagogisk leiar, fagarbeidar(ar) og eller assistent(ar) på kvar avdeling.
3. Vi ser det som viktig at kvar barnehage må ha sin styrar i 100% stilling som dagleg er i barnehagen. Styraren må ha pedagogisk utdanning og kompetanse i forskulepedagogikk før å kunne leie barnehagen etter gitte standardar. Styrar må gjerne ha tilleggsutdanning innan leiing.
4. Vidare oppmodar vi om at barnegruppe storleiken må haldast på dagens nivå i forhold til pedagognorma.

Helsing styret i  
UDF Hareid, seksjon barnehage.

*Janne H Sollid*

ved  
Janne Håndlykken Sollid  
Leiar seksjon BHG.

# HØYRINGSUTTALE TIL NY BARNEHAGELOV:

## § 1 Formål

Vi gir vår tilslutning til, og ser det som viktig at formålsparagrafen for barnehagar vert ståande uendra, med vekt på kristne grunnverdiar. Viktig at barnehage/ skule bygg på same verdigrunnlag.

## § 2 Barnehagens innhold

Når ein går såpass detaljert inn på innhaldet i barnehagen, burde ein ha med eit punkt om å sikre ein god overgang barnehage/ skule. Dette burde vere nedfelt også i Opplæringslova.

## § 3 Barns rett til medvirkning

Vi er samde i at personalet skal vere lydhøre for born sine innspel, synspunkt og behov, men stiller spørsmål ved at dette skal lovfestast. Dette er/ burde vere ein sjølvstøtt ting.

Støttar departementet sine vurderingar/ understrekingar av at det er dei vaksne som har ansvaret, og at barn ikkje skal overlatast eit ansvar dei ikkje er modne til å ta.

Opplæring til aktiv deltaking i demokrati er også modellæring og vaksne si rolle i forhold til kvarandre i barnehagen.

## § 7 Barnehageeiers ansvar

Her har kommunane ei dobbeltrolle i forhold til m.a. Forskrift om miljøretta helsevern. Mykje godt arbeid er gjort ute i barnehagane, men alt dette har ført til lite konkret handling, og truleg er mange barnehagar rundt om i landet framleis godkjent på dispensasjon utan å kome noko vidare.

## § 8 Kommunens ansvar

Det at kommunen har plikt til å sørge for tilstrekkelig antal plassar, mens ein på den andre side ikkje kan seie nei til private utbyggjarar, gjer det vanskeleg å planlegge og bruke kommunale kroner på ein best mogeleg måte. Dersom kommunen har full barnehagedekning, må det vere høve til å avvise private utbyggjarar. I alle fall så lenge kommunane er pålagt å yte tilskot til private barnehagar på lik line med kommunale, ved ei slik overetablering. Dette kan neppe vere fornuftig bruk av offentlege midlar, og står i strid med statlege målsetjingar med større kommunalt sjølstyre.

Veildningshefte i forhold til gjennomføring av tilsyn vert helsa velkome.

## § 10 Godkjenning

For vår kommune, som har berre kommunale barnehagar, blir dette å bli sitjande i begge roller, både som drivar og som godkjenningsinstans for egne barnehagar. Så lenge alt går greitt er vel heller ikkje dette noko problem, men vi ser at denne dobbeltrolla kan vere uheldig i ein pressa økonomisk situasjon for kommunane, der økonomi kjem i konflikt med godkjenning og lovleg drift. Her kan det bli lett å tøye grensene maksimalt

## § 13 Prioritet ved opptak

Det er uklart kven som kan fungere som sakkunnig instans, i forhold til prioritet ved opptak. Er dette PP-tenesta, helsesøster, lege eller kan styrar vere sakkunnig?

Elles vert det opplevd som motstridande målsetjingar, når barnehagelova seier at alle born så langt råd er skal ha eit tilpassa barnehagetilbod, medan Opplæringslova med enkeltvedtak og klagerett på ein heilt annan måte sikrar foreldra sine rettar, og ofte er einaste utveg for å utløyse ressursar. Det at foreldre skal vere sikra klagerett, vert ofte ståande i konflikt med at ein så langt råd er skal gi barnet eit tilrettelagt tilbod etter barnehagelova.

#### § 14 Offentleg tilskot

Er redd for at ved overføring av tilskot til barnehagane i rammetilskot til kommunane, så vil dette føre til at barnehagar blir nedprioritert/ taper. Det er vanskeleg å lese ut av overføringane kor mykje som er tenkt til barnehagar, og det vil bli ein diskusjon om kor vidt kommunane har fått full kompensasjon ved omlegginga. Korleis sikre at kvaliteten i barnehagen vert oppretthalden?

#### § 15 Foreldrebetaling

Departementet sine tankar om auka fridom og handlingsrom til kommunane står i kontrast til den detaljstyringa vi har opplevd siste tida i forhold til maksimalpris og prosentregulering av søskenmoderasjon.

Maksimalpris trinn 2 vil få store konsekvensar for kommunal prioritering. Dersom dette heller ikkje kan prisregulerast, som for 2004/ 2005, vil dette forsterke belastninga for kommunane ytterlegare.

#### § 18 Ledelse

Det er viktig å vidareføre dagens utdanningskrav, at leiar for barnehagen skal ha pedagogisk utdanning som førskulelærer. Her bør barnehage og skule jamstellast, og ei eventuell endring på dette området bør vurderast under eitt for begge opplæringsområda.

Vidareutdanning i barnehagepedagogikk bør kvalifisere for at almenlærarar kan arbeide i barnehage på lik line med det førskulelærarar gjer i skulen.

Støttar alternativ B §18, men der bør stå alternativt rektor/ styrar som dagleg leiar for både barnehage og skule, under føresetnad av tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk.

#### § 19 Barnehagens øvrige personale

Antal barn pr. pedagog – går inn for alternativ B, med oppheving av skilje mellom antal barn pr. pedagog for barn over/ under 3 år

Har arbeidsgruppa gjort seg tankar om korleis få fleire menn inn i barnehage. Dette er viktig for å heve kvalitet i barnehagen. Korleis oppnå målsetjingane om god kompetanse i personalet, utan at dette er gjort til eit statleg satsingsområde på lik line med grunnskulen og innføring av ny læreplan?